Selje IL

Årsmelding Hovudstyret 2021

Hovudstyret har i 2020/21 hatt følgjande styre:

- Bjarne Krakereid, leiar
- Arild Hove, nestleiar
- Maj Britt Aam Hamre, kasserar og sekretær
- Stine Hamre, styremedlem
- Kjell Magnar Fløl0, representant frå fotballgruppa
- Mona Austring, representant frå saltrim
- Elin Lesto, representant frå barne- og ungdomsgruppa
- Magne Fure, representant frå trimgruppa

Aktiviteten i 2020 har vore prega av COVID-19. Det aller meste av organisert aktivitet blei svært redusert pga smittevernrestriksjonar. Vår viktigaste aktivitet SeljeCup blei kansellert og gjorde at vi innførte streng kostnadskontroll. Vi har hatt løpande økonomioppfølgjing og vore restriktive med innkjøp og driftskostnadar. Styret har jobba aktivt med å søkje på dei utlyste midlane som er annonsert. Spesielt Sparebanken Vest sitt korona-fond og statleg koronastøtte gav oss gode bidrag. På kostnadssida blei det framforhandla betre lånebetingelsar med Sparebanken Vest, samt at lønsreduksjon til trenar blei avtalt. Vi vil også takke sponsorane våre som vidareførte si støtte til idrettslaget i dette året.

Til tross for eit veldig spesielt driftsår fekk vi eit betydeleg overskudd - mykje takka Atle sitt solide arbeid med å søkje om støtte.

Styret har hatt 7 styremøte og handsama 22 saker. Styret har også kalt inn og arrangert eit ekstraordinært årsmøte der låneopptak til stiprosjektet på Tarvaldseggja blei handsama og godkjent.

Selje Il deltok på Sunnivafestivalen med å levere stolar og benkar til arrangement i parken.

Dei viktigaste sakene styret har jobba med:

- Økonomisk forsvarleg drift som følgje av COVID-19 restriksjonar
- Samhandling med Stad kommune om innspel til romprogram og lokasjon av fleirbrukshall i Selje sentrum
- Samarbeida med stiprosjektgruppa og utarbeida prosjektbeskriving og levert spelemiddelsøknad på prosjektet.
- Samhandling med Selje Hotel Invest om innspel til romprogram og fasilitetar til trening og velvære i hotellprosjektet.

Hovudstyret ser med bekymring på vanskar med rekruttering til å få frivillege til å ta på seg roller og bidra i laget. Dette kan medføre utfordringar med å oppretthalde aktiviteten på sikt.

Selje, 15.04.21

Styret i Selje IL